



Kjersti Sjursen  
Hjertåsvegen 44  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7469 - 20/18292

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
robaal.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
03.04.2020

## Søknad om fritak for gjødselplan - GBNR 309/1, 3, 4 og 5 Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 393/20

### VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.05.2025 for Gbnr 309 /1, 3,4 og 5 , då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

### Saka gjeld :

Foretaket Kjersti Sjursen har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 309/1,3,4 og 5 . Drifta er 25 vinterfora sau/ geit og 4 vaksne hester .Innefôringsperioden er 1,5 mnd til fire små ponnier som har vært inne på grunn av dårlig vær,resten av tida beite dei på utmark. Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året.  
Hun kjøper inn 2,250 kg fullgjødsel 18-3-15 .

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på slåttearealet og beiting				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
1500	18-3-15	28	Slåttemark	54	9.7	1.6	8.1
750	18-3-15	58	beite	13	2.34	0.39	1.95

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium .

GDE vinterfora sau/ geit( 3.5 ) ,GDE vaksne hester (2 ).

#### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE ) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

#### **Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/7469»

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kjersti Sjursen

Hjertåsvegen 44

5918

FREKHAUG